

Karoline vann med ein smak av sommar

28.10.2013



Vinnarkakene til Karoline

**Karoline Neset (22) var klart best av dei 5 som ikveld stilte opp i ein ny runde i kakekrigen på TV Norges kanal 5. Oppgaven gjekkk ut på å baka ei kake med tilknytning til ei årstid og cupkakene til jenta frå Neset gav dommarane ein udiskutabel smak av sommar både gjennom ingrediensar og dekor. Men cupcake er ein av slagerane til Karoline og det vert spennande å sjå korleis det går vidare. Vert det finaleplass montru?**



Karoline i aksjon, forstyrra av programleiaren

I tillegg til bakekunnskapane som ho ikkje minst berømma moren  
og faren for må det seiast at Karoline hadde ein gnistrande god  
TV-debut.

Ho var sjarmerande og avslappa og heldt hovudet  
klårt i det som sikkert var ein stressande atmosfære i studio  
i København då opptaket fann stad i juni. Dette lovar det beste for  
det som vil skje vidare.

At Karoline verkeleg elskar å baka, som ho streka under i sendinga,  
kan det ikkje vera tvil om og ho meiner tydelegvis alvor med utsagnet  
om at ho kan tenkte seg å starta bakeri her.  
Men enn så lenge er ho iferd med å slutta seg til flokken av  
uskedelingar som vinn. Er bygda faktisk i ferd med å byggja opp  
ein vinnarkultur?

Også programkonseptet og regien fortener rosande ord. Kakekrigen  
er godt planlagt og gjennomført - serien har både nerve og fagleg tyngde.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Karoline har her fått det gule leiarforkledet av programleiaren